



Anne Solberg Eikemo
Vefjell 85
5957 MYKING

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2234 - 16/33838

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Gbnr 47/3 Vefjell. Løyving av SMIL medel til rydding av sti.

Eigedom: gnr.47 bnr.3 Vefjell
Adresse: Vefjell, 5957 Myking
Type tiltak: Tilskot til rydding av tursti
Søker: Anne Solberg Eikemo

Saka gjeld:

Det vert søkt om tilskot til å rydde og merke ein gammal sti frå Vefjell til Selivarden. Distansen som skal ryddast er 2400m. Det vetr sett opp skilt. Stien er mykje nytta av dei som bur i bygda, men og av andre turgåarar. Det er sett opp eit kostnadsoverslag på kr.40000,- og det er søkt om 100% tilskot.

Vurdering og vedtak:

Tilgjenge for ålmenta på tilrettelagde stiar, er viktig for å leie trafikken forbi innmark og tun på ein måte som sikrar at landbruket kan utøve si næring, samstundes som folk flest oplever at tilgjenge til naturen vert betra. Tiltaket er prioritert i strategien for bruk av SMIL-midlane. Kostnadsoverslaget på kr.40000,- er innanfor ramma som strategien sett opp. Kostnadsoverslaget vert godkjend som grunnlag for tildeling av tilskot. Tilskotssatsen er 50%. Det vert løyvt eit tilskot på kr.20000,-. Frist for å gjennomføre tiltaket vert sett til eitt år frå vedtaket vert gjort. Dersom det er trong for lenger tid, kan det godkjennast ytterlegare inntil fire år, etter søknad.

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om tilskot til miljøtiltak i jordbruket og i Lindås kommunen sin tiltaksstrategi, løyver Lindås kommune kr.20000,- i SMIL-tilskot til gbnr 47/3 Vefjell. Pengane skal nyttast til rydding og skilting av tursti. Frist for gjennomføring vert sett til 15.12.2017.

Klagerett :

Vedtaket kan påklagast jfr forvaltningslova §§ 28 og 29. Klagen sendast kommunen som vurderer om klagen vert teke til følgje. Dersom kommunen ikkje tek klagen til følgje skal den sendast vidare til fylkesmannen med ein uttale. Fylkesmannen fattar endeleg vedtak i klagesaka.



Generelt om løyving av SMIL – midlar :

- Frist for gjennomføring er generelt 3 år viss ikkje det er sett ein spesifikk dato i vedtaket. Men det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfristen utifrå grunngeving, seinast 1 månad før fristen går ut. Men ikkje utover 5 år frå tilskotet vart løyvd. Løyvd tilskot kan trekkjast attende heilt eller delvis dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for ordninga jfr § 10 i forskrifta om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Utbetaling av tilskot:

- Utbetaling av tilskot skjer etter skriftleg oppmoding frå søkjar (saldokort) og når tiltaket har fått godkjent sluttregneskapet. Det kan også gjerast delutbetaling på bakgrunn av godkjent dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført. Minst 25 % av tilskotet vert halde tilbake inntil arbeidet er fullført og sluttregneskap er godkjent.
- I søknad om sluttutbetaling skal det leggjast ved regneskap med timelister for eige og leigd arbeid, fakturaer for innkjøpt materialer og gjerne fotodokumentasjon.
- Til utbetaling vil konto 3632 52 01260 verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om endring av kontonummer.

Kommunen si rolle i gjennomføring av tilskotsordninga:

- Kommunen gjer vedtak og orienterer Fylkesmannen si landbruksavdeling om løyvinga.
- Førespurnad om delutbetaling eller sluttutbetaling skal rettast til kommunen.
- Søknad om utsetjing av arbeidsfrist skal rettast til kommunen. Det er viktig at ein søker om utsetjing i god tid før fristen går ut, minimum ein månad.

Kontroll:

- Kommunen tek synfaring og godkjenner etter at arbeidet er gjort etter planen.
- Fylkesmannen si landbruksavdeling kan også foreta synfaring på ferdige tiltak. De vil i såfall verta varsla på førehand.
- Kommunen, Fylkesmannen eller Riksrevisjonen kan krevja naudsynte opplysningar og kontrollera at bruken av tilskotsmidlane er i tråd med føresetnadane. Jfr § 9 i forskrifta

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Anne Solberg Eikemo

Vefjell 85

5957

MYKING